

Personvernerklæring - vidaregåande skule

Denne personvernerklæringa skildrar korleis vi behandlar personopplysningar i vidaregåande opplæring.

Rettane dine etter personopplysningslova og personvernforordninga (GDPR)

Når vi behandlar personopplysningar om deg har du ei rekkje lovfesta rettigheter. Det kan vera vanskeleg å ha oversikt over kva rettar du har. Vi har nedanfor valt å gi ei oversikt og lenke til Datatilsynet sine forklaringar på dei ulike rettane.

Rett til informasjon

Alle har rett til informasjon om korleis vi behandlar personopplysningar, kva dei blir brukt til og kven som er ansvarleg.

[Les meir om retten til informasjon på datatilsynet si nettside.](#)

Rett til innsyn

Du kan be om å få opplyst kva personopplysningar fylkeskommunen har registrert om deg, kva dei skal brukast til, og kvar dei er henta frå. Dette gjeld både elektroniske og manuelle register. Du skal få svar innan 30 dagar. [Du kan lese meir om korleis du ber om innsyn på nettsida vår.](#)

[Les meir om retten til innsyn på datatilsynet si nettside..](#)

Rett til retting

Dersom du meiner vi behandlar opplysningar om deg som er feil, kan du krevje at desse blir retta eller blir supplert av tilleggsopplysningar. Det er viktig at du forklarar kvifor du meiner opplysningane er feil eller mangelfulle.

[Les meir om retten til retting på datatilsynet si nettside.](#)

Rett til sletting

I einiske tilfelle kan du be oss slette opplysningar om deg sjølv. Dette gjeld til dømes dersom du har samtykka til at vi lagrar informasjon om deg, og du vil trekke samtykket tilbake.

[Les meir om retten til sletting på datatilsynet si nettside.](#)

Rett til avgrensing

I nokre tilfelle kan du be oss avgrense handsaminga av opplysningar om deg. Dette gjeld til dømes når informasjonen ikkje lenger er naudsynt for føremålet den vart samla inn for.

[Les meir om retten til avgrensing på datatilsynet si nettside.](#)

Du kan lese meir på datatilsynet si nettside om [andre rettigheter du har som registrert.](#)

Kva personopplysningar blir behandla?

Vi behandlar opplysningar om namn, fødselsnummer, kjønn, nasjonalitet, morsmål, bilde, kontaktinformasjon, føresette/pårørande/kontaktpersonar, utdanningshistorikk, klasse, utdanningsprogram og fag, oppgåvesvar og vurderingar, test- og prøveresultat, karakterar, fråvær og merknader og annan informasjon som er nødvendig for gjennomføring av opplæringa.

Vi behandlar også personopplysningar av særleg kategori. Det kan til dømes vera opplysningar i legeerklæringar, utgreiingar og vurderingar gjort av pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), opplysningar frå barnevernet, spesialisthelsetenesta eller oppfølgingstenesta (OT), når dette er nødvendig.

Lærlingar, lærekandidatar, praksisbrevkandidatar og kandidatar i ordninga fagbrev på jobb:

For desse gruppene behandlar fylkeskommunen opplysningar:

- Lærekontraktar
- Attestar
- Dokumentasjon om hevingar og brot på lærekontraktar
- Fagbrev og fagprøvar
- Tilknytning til verksemder

For føresette/pårørande/kontaktpersonar blir følgjande opplysningar behandla: Namn, kontaktopplysningar, fødselsnummer, relasjon til elevar og behov for tolk.

Korleis får vi opplysningar?

Opplysningar blir henta frå grunn- og vidaregåande skule, folkeregisteret, søkjarar og dei som er under opplæring, tilsette ved skulen, læreverksemder, sensorar og andre som er involvert i gjennomføring og vurdering av opplæringa di. Etter samtykke ditt vil dette kunne vera PPT, OT, lege og NAV.

Kven deler vi personopplysningar med?

Fylkeskommunen deler ikkje dine personopplysningar med andre for kommersiell bruk. Klasselister, med opplysningar om namn og klasse, er offentleg informasjon og vil kunne bli utlevert på førespurnad. Føresetnaden er at teiepliktig informasjon ikkje blir utlevert. Klasselister blir ikkje publisert på Internett.

Føresette til elevar under 18 år blir varsla om:

- Elevens fråvær
- Fare for at det ikkje er grunnlag for å få vurdering i eit fag
- Orden/oppførsel
- Fare for nedsett karakter i orden/oppførsel

Føresette blir informert om andre rettar etter bl.a. opplæringslova, barnelova og barnekonvensjonen, som ikkje er underlagt teieplikt. For elevar over 18 år kan det utleverast til føresette etter ditt samtykke.

Læreverksemdar kan etter samtykke frå læring/praksisbrevkandidat/lærekandidat/kandidatar i ordninga fagbrev på jobb få utlevert teiepliktig informasjon om den som er under opplæring.

Personopplysningar kan utleverast til andre offentlege myndigheiter som har ein lovleg grunn for innhenting. Dette er bl.a. Lånekassen, Utdanningsdirektoratet, Nasjonal vitnemålsdatabase og Statistisk sentralbyrå.

Kor lenge oppbevarer fylkeskommunen opplysningane?

Kor lenge vi har lov til å lagre opplysningar om deg er avhengig av kva som er føremålet med at opplysningane blei registrert, og om dei er arkivpliktige etter arkivlova.

Personopplysningane som blir lagra skal vera adekvate, relevante og avgrensa til det som er nødvendig for føremålet dei blir behandla for («dataminimering»), jf. [personvernforordninga art. 5 \(1\) bokstav c](#). Dersom opplysningane har verdi som dokumentasjon eller er gjenstand for sakshandsaming er desse arkivpliktige og blir lagra på ubestemt tid i fylkeskommunens arkiv.

Elevar og lærlingar

For at fylkeskommunen skal kunne innfri forpliktingane sine og rolle i vidaregåande opplæring brukar vi opplysningar for å:

- Behandle søknader om skule- og læreplass og privatisteksamen
- Gjennomføre opplæringsløp, eksamen og fagprøvar
- Følgje opp ungdom i aldersgruppa 16-21 år som ikkje har opplæringstilbod eller jobb
- Samarbeide med heimen
- Utarbeide dokumentasjon for elevar, lærlingar og vaksne
- Godkjenne faglege leiarar i læreverksemdar
- Oppnemne prøvenemndsmedlemar
- Ha grunnlag for planlegging og oppsett av opplæringstilbod
- Sikre at vilkåra for å tilby opplæring og andre tiltak er innfridd
- Gjennomføre lovpålagde oppgåver som budsjett, refusjonsordningar, rekneskap og rapportering til overordna myndigheiter

Rettsleg grunnlag

Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa ([opplæringslova](#)) med forskrifter er det viktigaste behandlingsgrunnlaget for behandling av personopplysningar. I nokre tilfelle vil det vere nødvendig for skulen å hente inn samtykke for å behandle personopplysningane dine.

Behandlingsansvar

Vestland fylkeskommune er behandlingsansvarleg for all behandling av personopplysningar der vi sjølv bestemmer føremålet med behandlinga av opplysningane og dei verkemidla vi bruker til dette. Det vil seie at Vestland fylkeskommune er ansvarleg for informasjonstryggleiken, og skal sikre at alle data blir behandla på ein trygg måte.

Har du spørsmål?

Dersom du har spørsmål om korleis fylkeskommunen behandlar personopplysningane dine, kan du [sende e-post til personvernombodet](#) i Vestland fylkeskommune.

Klage på behandlinga

Dersom du er misnøgd med svaret vårt eller meiner at vi behandlar opplysningane dine i strid med personvernregelverket, kan du klage til Datatilsynet.

[Meir informasjon om klageprosedyren på datatilsynet si nettside.](#)